



Banereglement – vinter

Om vinteren skal banen til ei kvar tid vere i ein slik stand at ein kan brøyte når det kjem snø.

Dette betyr at:

- **Måla** alltid skal vere plassert på kortlinjene. Det skal aldri stå mål på sidelinjene sidan det er her snøen skal brøytast. Dette gjeld alle typar mål (11ar, 7ar, 5ar og småmål). Pass på at ein skyv dei heilt ut av matta og ut på asfalten.
- Ein **ryddar opp** etter seg! Dette er sjølv sagt ikkje spesielt for vinteren, men det får større konsekvensar om ein ikkje er nøye med det! Ligg det for eksempel ei flaske eller ein genser igjen på bana etter trening, det kjem snø over og ein fresar bana, kan ein risikere at desse tinga øydelegg fresen! Det er difor veldig viktig at både spelarar, trenarar og andre involverte er bevisst sitt ansvar i forhold til å passe på banane og det utstyret me har.
- Er det komme **snø på bana** skal ein ikkje nytte den før den er brøyta (om ikkje anna er sagt). Vert snøen trakka ned i bana er det vanskeligare å få brøytt snøen vekk, og bana vert dårlegare å spele på.
- Når ein brøytar så skal ingen vere på bana!!!! Ein ventar med å gå ut på bana til den er ferdig brøyta og traktoren er vekke.
- Om vinteren står det færre bos-bøtter på banane. Gjer dykk kjend med kvar dei står og sørg for at dei vert nytta!

Viss alle hjelp kvarandre med dette er det mykje større sjanse for at me får flotte treningsforhold gjennom heile vinteren og at banane er i god stand når våren kjem ! ☺